



Ida Marie(f.v.), Camilla og Hanna gjorde ein god jobb som loddseljarar.

I Uskedalen kryr det av kjekke, positive og høflege ungdommar. Hjelpsomme er dei også. Det fekk dagens loddseljar på SPAR-butikken erfare. Då han trong ein velfortent pause, tilbød dei tre 7.klassingane Ida Marie K. Eidsvik, Camilla M. Ripel og Hanna Tvilde seg å vikariera. Dei 3 selde svært godt!

Det var Sikkerhetslotteriet til inntekt for ungdomslagshytta FJELLY det vart selt lodd for. Loddsalget går godt, og no håpar arrangørane at fleire melder seg på til Sikkerhetsdagen 9.mai frå kl. 10 til ca. 14.30. Opplegget er heilt gratis og passar godt for heile familien. Ekstra kjekt hadde det vore om mange ungdommar også melde seg på. Dette er nyttig og svært viktig lærdom sjølv om ein håpar at ein aldri får bruk for det. Det er også kunnskap som det er viktig å repetera.

Påmeldingsfristen er utsett til 4.mai kl.12.00. Påmeldingane kan gjerast til:
 Mobil 412 88 090 mail randimn@hotmail.com
 Mobil 932 05 944 mail albert.ove.nybakk@marineharvest.com

Vår oppfordring er: Meld dåke på! Vi kan ikkje risikera at dette fantastiske gratistilbodet vert avlyst!

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland